



Elevrådsrepresentant Julian-Elias Gjesdal Nesse

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2549 - 18/2340

Saksbehandlar:

Monica Vabø Reigstad

Monica.Vabo.Reigstad@lindas.kommune.no

Dato:

24.01.2018

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet 23.01.18

Desse møtte: Marit Tømmermo (Lærarrepresentant) , Sissel Nordland (Representant andre tilsette) og Monica Vabø Reigstad(Fungerande rektor).

Desse hadde meldt avbod: Leif Hosøy Sleire(Kommunal representant),Dan Olsen(Kommunal vara representant) og Tone Gunn Solsvik(Lærarrepresentant).

Desse møtte ikkje: Julian – Elias G. Nesse (Elevrådsrepresentant),Tobias Mesfin Frette (elevrådsrepresentant), Arne Ramslien(Foreldrerepresentant), Birte Arvidsson (Foreldrerepresentant).

Sak 13/2017 – 18 Godkjenning av innkalling og referat frå møte 28.11.17

Dei som møtte hadde ingen merknader til innkallinga, eller referatet frå 28.11.17

Sak 14/2017 – 18 Diverse informasjon

• Nettvett

Etter tilbakemelding frå tilsette, elevar og foresette kjem skulen til å ha fokus på nettvett framover. Tiltaka som vert iverksatt er:

1. Skulen vil gjennomgå Redd Barnas nettvettsreglar i kvar enkelt klasse.(<https://nettvett.no/redd-barnas-nettvettregler/>)
2. Temaet blir tatt opp på foreldremøtet onsdag 24.01.18
3. Ungdomskontaktane ved Nordhordland lensmannskontor kjem til å ta ein runde i klassane der dei tar opp temaet.

• Symjing

Det blir arbeidd med løysingar kring tilbodet om symjeopplæring. Undervisninga vil bli gjennomført i bolkar, dette kjem det nærmare oversikt på etter vinterferien.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



- **Ny rektor**

Den nye rektoren ved Knarvik ungdomsskule heiter **Morten Olsen Schulstad**. Han tar til som rektor 01.02.18.

Sak 15/2017 – 18

Varsla vedtak frå Miljøretta helsevern / godkjenning av skulen.

Knarvik ungdomsskule er midt i ein prosess for å bli godkjend etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*

Skulen fekk i byrjinga av januar varsel om vedtak som omhandla dette. I dette varselet kjem det fram at skulen sitt gjeldande areal kan bli godkjent for færre elevar enn tidlegare antatt (360 elevar). Årsaka til eventuell godkjenning for færre elevar er størrelsen på klasseromma i forhold til elevtalet i enkelte klassar. Varselet har korrigeringsfrist for eventuelle faktafeil m.m. den 01.02.18 og det endelege vedtaket kjem i februar.

I det kommande halvåret vil det bli gjennomført prosessar med partane i saka i forhold til å ha rett tal elevar i kvart klasserom basert på rommet sitt areal. Dette for å sikra gode løysingar for elevane våre. I første omgang blir det satt inn ekstra lærarressursar for å sikra moglegheita for deling av dei største gruppene i fleire fag.

Alle elevar som går på skulen no og høyrer til Knarvik ungdomsskule sin skulekrins, har skuleplass hjå oss vidare.

Sak 16/2017 – 18

Saker frå FAU/KFAU

- Det vart gitt ei kort orientering frå sist FAU møte. Hovudsakene var situasjonen kring busstilbodet og tryggleik samt symjeopplæring.

Sak 17/2017 -18

Gjennomgang av elevundersøkinga.

Dette året har ein i slutten av desember gjennomført elevundersøkinga på 10.steget. Det var 83 av 111 elevar som gjennomførte undersøkinga.

Undersøkinga vart gjennomført først klassevis, og så hadde ein oppsamlingsøkt seinare.

På grunn av at det var få som møtte, ser ein nærare på denne saka på neste møte i SU.

Sak 18/2017 – 18

Ymse

Det var ingen ymse saker.

Skulemijøutvalet (SMU)

Dette møtet vart ikkje gjennomført grunna oppmøtet.

Med helsing

Monica Vabø Reigstad
konst. rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Elevrådsrepresentant (vara) Lars
Olav Jøsendal
Elevrådsrepresentant (vara) Sindre
Taule Sandstå
Foreldrerepresentant (vara) Beate
Nilsen
Foreldrerepresentant (vara) Lisbeth
Toppe Alvær
Kommunal representant (vara) Dan
Olsen
Lærerrepresentant (vara) Astrid
Oma
Lærerrepresentant (vara) Jorunn
Margrete Blindheim
Representant andre tilsette (vara)
Ingeborg Witsø

Mottakrar:

Elevrådsrepresentant Julian-Elias
Gjesdal Nesse
Elevrådsrepresentant Tobias Mesfin
Frette
Foreldrerepresentant Arne
Ramslien
Foreldrerepresentant Birte
Arvidsson
Kommunal representant Leif Hosøy
Sleire
Lærerrepresentant Marit
Tømmermo
Lærerrepresentant Tone Gunn
Solsvik
Monica Vabø Reigstad
Representant andre tilsette Sissel
Nordland